



Velfortent st  ande applaus til avslutningsnummeret.

Vi har mange dyktige musikarar blant kulturskulel  rarane. Det visste eg fr   før. I kveld fekk eg oppleva alle i same konsert. Det forsterka dette inntrykket. Det var ei skikkeleg flott stund i konsertsalen i kulturskulesenteret d   l  rarane inviterte til gratis konsert. Heldigvis var responsen god, og salen var meir enn fullsett av storveis forn  gde publikummarar.



[Marimbaorkesteret opna feststunda.](#)

Med så mange flinke musikarar vart det ein konsert med stor variasjon i musikknummer, vi kan trygt sei at det var noko for einkvar smak. Dei ulike musikarane opptredde i ulike gruppesamansetjingar og innanfor ulike sjangrar. Det starta med to feiande nummer med marimbaorkester før vi fekk framføringar frå den klassiske musikkverda. Det starta med ein trio av Theleman framført av Linas Dakinevicius(waldhorn), Kjell Skarfjord(cello) og Kristin Schulerud(piano). Linas forsette med ein nydeleg hornsolo av Mozart akkompagnert av Kristin på piano.

Etter dette vart det latinamerikansk musikk frå Brasil og Argentina framført av Nordlandsduoen Ingvald T. Nilsen-Nygaard(gitar) og Kjell Skarsfjord(cello) før det vart kvintettspel med 4 blåsarar og cello.



[Dyktige Olena var sentral i konserten. Her i samspel med Ingvald.](#)

Det fulgte så nokre nummer der den dyktige fiolinlæraren i kulturskulen, Olena Pasichnyk, var sentral. Til akkompagnement av piano fekk vi mellom anna høyra ukrainsk folkemusikk, saman med gitar vart musikk frå Mellom-Amerika framført før vi fekk høyra Trio av Elgar saman med cello og piano.

Etter den klassiske delen bevega det seg over mot jazz, ei flott framføring av Avartônio Carlos Jobim sin Wave vart framført av eit band samansett av Rebekka Attramadal(vokal), Ingvald T. Nilsen-Nygaard(gitar), Kjell Skarsfjord(el.bass) og Mauricio Weimar(trommer).

Det heldt fram å swinga frå dei 6 muskarane i bandet som avslutta konserten. Først fekk vi høyra den russiske låten Karusel arrangert for bandet av kulturskulerektor Kirill Zimin før den flotte konserten vart avslutta med swing og trøkk med kulturskuleretoren sin eigen komposisjon, Funkie. Til veldig fortent ståande trampeklapp vart alle muskarane kalla opp på scenen. Dette var veldig kjekt!! Alle som var der, håpar nok det vert fleire konsertar. Kanskje det er på tide å tenkja at desse dyktige muskarane burde få avsett tid til utøvande verksemd? Det ville vore til glede for mange! Det hadde musikkskulelærarane for 25-30 år sidan, men det vart teke frå dei.

Tusen takk for ei god stund! Dette var eit flott tiltak!



Blåsekvartett + cello = vakkert.

Desse var med. Mange i Uskedalen har nok hatt gledeleg samarbeid med nokre av desse.

Kirill Zimin: saksofonar, klarinett, tromme

Kjell Skarsfjord: marimba, cello, el.bass

Ingvald T. Nilsen-Nygård: gitarar

Rebekka Attramadal: marimba, piano, song

Heidi-Merete Strandaas: saksofon

Karin Bøe(kunstlærer): marimba, lyd, lys

Koshiwayi Sabuneti(danselærer, bur i Uskedalen): marimba, lyd, lys

Linas Dakinevicius: waldhorn, kornett, marimba

Kristin Schulerud: piano

Olena Pasichnyk: fiolin

Clive Andersson: trombone

Mauricio Weimar: trommer, marimba

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland